



Utenriksdepartementet
Postboks 8114 Dep
0032 OSLO

Kristiansand 08.05.12

NOU 2012:12 "Innenfor og utenfor" Høyringsvar frå Aust-Agder og vest-Agder Bondelag

Regjeringas europautgreiing, NOU 2012:2 "Utenfor og innenfor", har aktualisert og forsterka debatten om Norges tilknytning til EU/EØS, og den tar opp fleire tema som viser korleis landbruket i aukande grad vert råka av meir internasjonal og europeisk tilpassing. Det skjer trass i at landbrukssektoren i Norge, formelt sett, har unntak frå EØS.

NOU'en peikar særleg på tre område:

- Matvaretryggleik og veterinære saker
- Liberalisering av landbruksvarehandelen (artikkel 19 og protokoll 3 i EØS-avtala)
- Generelle EØS-reglar med særleg vekt på arbeidsinnvandring

Regelverket knytt til det første kulepunktet utgjer nå 40 % av EØS-rettsaktene og 90 % av Mattilsynet sitt regelverk. Avgjerande for denne utviklinga har vore Norges aksept av EUs veterinæravtale og bortfall av den veterinære grensekontrollen.

Når det gjeld liberalisering av landbruksvarehandelen er ostekvoten i dag oppe i 7200 tonn. Importen av landbruksvarer er femdobla i mengde mellom 1990 og 2010.

Når ein les den NOU'en er det eit stort tankekors å sjå at landbruksnæringa blir framstilt som problemet i Norges forhold til EU, framfor å vurdere om EU-tilpassinga eigentleg er i tråd med Norges interesser. Det er gjennomgåande at norsk landbrukspolitikkk blir framstilt som proteksjonistisk og uheldig for forbrukarane. I det perspektivet "hjelper" EU-tilpassinga oss til få politikken inn i eit betre spor. Det er svært uheldig at ei offisiell utgreiing har ei så skeiv framstilling av vårt tilhøve til EU, og ikkje tek vare på nasjonale interesser på ein betre måte

Europautgreiingas fleirtal overdriv eter vår meining dei positive og bagatelliserer dei negative effektane av EØS-avtala for norske forbrukarar og veterinærfeltet, utan å grunnkje dette fagleg. Dei negative effektane av auka import blir framstilt som isolerte problem for norske særinteresser. Det blir vist forståing for EUs manglande tolmod for auka.

Ein kan heller ikkje unnlate å nemne eit heilt klårt underskot på demokrati i det noverande systemet. Ein bør sjå nøyare på denne viktige - og avgjerande problemstillinga, og t.d. bruk røynslene frå Sveits for å kome fram til ein bilateral avtale.

Ei rask og urovekkjande utvikling i den globale matvaresituasjonen gjer at dette og er emne som må reforhandlast i eit vidare samarbeid innanfor rammene av EØS-avtalen.

Erik Floystad
Fylkesleiar
A.A. Bondelag

Birte Usland
Fylkesleiar
V.A. Bondelag


Finn Aasheim
Org.sjef / Agderkontoret

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: Postboks 298. 4663 Kristiansand.	Besøksadresse: Gyldenlovesgt. 2A	Telefon: 38 07 19 71	Telefaks: 38 07 19 79	E-postadresse agder@bondelaget.no
Norges Bondelag Agderkontoret Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 939678670 Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto: Bankkonto:	6319.07. 00161 8101.05. 91392	Internet: www.bondelaget.no/agder